



MAI MÅNED:

Sol, regn, varme og kalde dagar, mai har vist oss mykje skiftande ver. Heldigvis kom det nokre solrike dagar med gode temperaturar slik at shorts, t-skjorte og joggesko kunne takast på. Sol og varme gjev oss mykje glede og energi, og mange barn vil gjerne vere ute heile dagen☺.

Våren og sommaren er ei spennande tid. Det er mykje nytt som skjer i naturen, insekta byrjar å kome fram, fuglane er tilbake med reir under takhjørnet vårt, vakker fuglesong, meitemarken som kryp over asfalten, sneglane som kryp på bakken og bladene, edderkoppene som kryp og spinn seg vev overalt. Me har ein ivrig gjeng som stadig vekk er på surblad jakt i barnehagen. Dei finn seg godt til rette i bakken og nyt eit ekstra måltid.

Ein dag kom det plutselig krypende ei homle inne på golvet på Bikuben. Barna kom til og studerte denne homla, og me undra oss over kor ho kom frå, om ho kunne fly og kva me skulle gjere med ho? Homla kunne fly, for ho letta frå golvet og flaug bort i vindauga, der me fanga ho i eit insektsrør for så å sleppe ho ut i blomabeddet vårt. Dette var ein spennande prosess for barna.

Inne er det stor aktivitet med tog, duplo, lego, familieleik, kjærestar, utkledning, fargelegging, tegning. Ein dag var det ein heil gjeng som skulle reise med eitt og same toget til Bergen, Oslo, Danmark, Sverige, Dyreparken. Ein voksen måtte vere konduktør og sjekke bilettane. Det var ein flink lokomotivfører, og alle passasjerane kom fint fram☺.

Ute susar syklana rundt hushjørnet, ballsparking/kasting, klatring på hustak – godt å kjenne på mestringsfølelsen. Me ser at fleire barn leikar på tvers av avdelingane, dei samarbeider, er ueinige, diskutere og finn ut av det som er vanskeleg, og får hjelp av voksne der dei ikkje klare det.

Leikar som «1, 2 3 rødt lys», «gjømsel», «Alle mine barn kom hjem», «haien kommer» er populært i denne tida. Kjekt når fleire samlar seg saman og deltar. Her må barna lære å forholde seg til fleire barn, reglar, turtaking, tape og vinne i aktivitet og kommunisere.

16. mai var det «søttenmai» dag i barnehagen. ». Me gjekk i 17. mai tog frå barnehagen, bort til skulen og opp til blokkene og over brua to gonger før me gjekk tilbake til barnehagen att. Alle barna hadde fått utdelt flagg som dei vifta med og sang 17. mai sangar. Hipp hipp hurra.

Rekomp prosjekt

I forbindelse med Rekomp prosjektet vårt har alle barna vore med å planta gulrøtter, redikkar, kålrot, sellerrot, nepe, ruculasalat, raud og grønn plukksalat og tomater i kassane våre nede ved dissestativet. I tillegg til at alle har planta gulrøtter i kvar sine mjølkekartongar som dei skal få med seg heim + bruksanvisning på kva de må gjere vidare. Dette vert eit spennande «barnehage – heim felles prosjekt». Det er veldig spennande å følgje med om det spire etter kvart, og gleda er stor når dei oppdagar noko grønt som stikk opp av jorda. Det er glede hjå både barna og dei voksne når me mestre og får til det med held på med. Gulrøttene og redikkane me planta inne tidligare i vår, vart planta ut i større kassar og kan få veksa seg store og fine der. Me har og prøvd å plante frø frå ein paprika. Det gjenstår og sjå om det vil spire og gro. Dette ut i frå barns medvirkning.

Ein dag planta me settepoteter i ei bøtte, og me håpar på gode resultat. Potetene Maurtua planta spire og gror. I bøtta me planta i har det byrja å spire no.

Praksisfortelling: *«Under frukosten fortel ein voksen at barna skal få vera med å plante gulrot frø og poteter. Den voksne viser to poteter til barna og fortel at det heiter settepoteter. Fortel at desse skal plantast i jord oppi ei bøtte og deretter verta til fleire poteter. Då kjem det frå ei jente: «Da er det magipoteter».*

Tomatplantene har fått flytta inn i drivhuset, og der håpar me dei får da varmt og godt. Det er fint å sjå kor barna passar på og deltar med vatning og stell i grønsakshagen vår. Me pratar med barna at dei må la det få stå i fred og ro, og innhausting skal skje saman med voksne i barnehagen. Fint om de pratar med barna heime om dette og.

JUNI

Me går inn i den fyrste sommarmånaden og det er 5 veker til barnehagen stenger. I juni er dei eldste barna inne i si siste tid i barnehagen. Det er viktig at avslutninga i barnehagen vert god, og sammenhengen til SFO og skule vert trygg.

I juni skal me og verta meir kjent med barna på Andedammen og Knøttene som skal byrja på Bikuben etter sommarferien.

GRUPPER



Barna i Vennegruppen har nå vært på «Førskoledag» på skolen de skal begynne på. De skal snart slutte i barnehagen, og begynne på SFO/skole.

Vi i barnehagen vektlegger at barna skal få en god avslutning og siste tid i barnehagen. Vi samtaler positivt med barna om SFO/skole. Dette er en spennende og kan være en krevende tid for barna. Kanskje dere forelder også er litt urolig for å slutte i barnehagen og hvordan det vil bli å begynne på SFO/skole? Barn føler ofte foreldrene sin tanker og følelser selv om foreldrene ikke har snakket om det. Det er viktig at vi i barnehagen og dere foreldre sammen lager en god overgang og sammenheng fra barnehagen og over til SFO/skole.

Vennegruppen er en glad, kreativ og aktiv gjeng, som liker å leke sammen i større og mindre grupper på tvers av Bikuben og Maurtua.

Vi takker for samarbeidet, ønsker barn og foreldre, lykke til på SFO/skole.

Kom gjerne innom barnehagen om barnet ønsker det!

Vi gleder oss til å samle barn i Vennegruppen og foreldre til en avslutning for barna onsdag 8.juni.

14.juni ønsker vi å invitere dere foreldre til å stoppe opp litt når dere henter. Ta en **runde sammen med barnet** deres ute på lekeplassen og se på alt som vokser og gror i REKOMP prosjektet vårt. **Kom inn sammen** med barnet ditt og se på avdelingen maleriene som henger på veggen, dokumentasjonen på prosjektet vårt og kanskje har vi noe lite å bite i.

Barn og personale skal ha felles lunsj i barnehagen 22.juni, som blir en avslutning på dette barnehageåret. Vi skal ha en samling for barna som skal begynne på skolen, med litt overraskelser.

Me skal stella i hagen vår, så frø, og dagleg skal me følge med på det som veks og gror, høste og smaka/eta når det er modna.

I plante kassane nede ved dissene som me fylte jord i før påske, **har me no sådd** gulrøtter, nepe, redikk, sukkererter, rød og grønn plukksalat, ruculla og tomater. Me har og **sådd blomar**; Blomkarse, ringblomst, kornblomst, ertebloomst og blomsterblanding. Fleire barn er aktivt med rundt plante kassane, og det er spennende å følge med på det som spirer og gror. Barn og voksne undrar seg saman og følger med stor nysgjerrighet på kva som skjer oppi plante kassane frå dag til dag. **Barna får vere med på mange ulike prosessar i REKOMP prosjektet vårt.**

ME YNSKJER ALLE EIN RIKTIG GOD SOMMAR!

Felles informasjon juli

Barnehagen er sommarstengt i veke 28, 29 og 30. (11. juli - 1. august).

Barnehagen opnar mandag 1. august.

Me ønskjer 3 nye barn frå Knøttene og 5 nye barn frå Andedammen velkomen til Bikuben i august.

Hugs å sjekke skap for byttetøy, sjekk dressar og regnklede, sett på strikk, ta me heim for vask etter behov. Ha nødvendig med klede slik at barna får positive uteopplevelsar.

Kontakt på Bikuben: 53 08 38 83 eller mobil: 99 28 33 79

Følg elles med på barnehagens nettside:

<https://bergen.kommune.no/omkommune/avdelinger/barnehager/arnatveit-barnehage/2637>.

For personalet på Bikuben

Ingrid Alvsaker Nordbø.



MÅNEDSPLAN BIKUBEN JUNI 2022



Prosjekt: Leik, sommar, dei eldste barna si «siste» tid i barnehagen, verte kjent med barna på Knøttene og Andeammen som skal byrje på Bikuben

	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG
VEKE 22	30.	31.	1.	2.	3. Sangstund 9.30 Bikuben
VEKE 23	6. 2. pinsedag Barnehagen stengt	7.	8.	9.	10. Sangstund 9.30 Andedammen
VEKE 24	13.	14. «Open dag» ved henting	15. Feire bursdag 	16.	17. Feire bursdag 
VEKE 25	20.	21.	22. Avslutning for dei eldste i barnehagen	23.	24. Feire bursdag 
VEKE 26	27.	28.	29.	30.	1. Feire bursdag 

